



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato  
21.03.2018  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2018/2642  
Dykkar referanse  
«REF»

Kommunane i Hordaland  
Etatsjef for barnehage

### **Kompetansemidlar til barnehagesektoren - utlysing for 2018**

Fylkesmannen har mottatt kr. 8 522 000 til kompetanseutvikling til kommunar og barnehagar i Hordaland. Sjølvje ordninga for tildeling av kompetansemidlar er i endring, med verknad frå 2019. Fylkesmannen inviterte etatssjefar og samarbeidspartar til eit møte den 6. mars for å drøfte etablering av den nye ordninga. De vil motta referat frå møtet i eige brev.

### **Kompetansemidlar i 2018**

*Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018 - 2022* er ei vidareføring av *Kompetanse for framtidens barnehage*. I revidert strategi er det lagt opp til ei desentralisert ordning med lokale prioriteringar og samarbeidande aktørar. 2018 er eit overgangså til nye regionale ordninga er etablert, og søknad og tildeling til kommunar og barnehagar skal vidareførast dette året.

### **Praksiskandidatordninga**

1,2 million kroner vil gå til opplæring i teoridelen til fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar gjennom praksiskandidatordninga.

Praksiskandidatordninga gjeld for tilsette med lang erfaring utan rett til vidaregåande opplæring. Tilbodet er eit samarbeid mellom Fylkesmannen og vaksenopplæringssentra på vidaregåande skular. Kommunane er bedne om å kartleggje behovet og melde til Fylkesmannen innan 15. april. Eige brev om saka er sendt til kommunane. Tilbodet blir administrert frå Fylkesmannen.

### **Kommunane søker Fylkesmannen om kompetansemidlar**

7,32 millionar kroner skal tildelast til kompetansetiltak til kommunar og barnehagar. Kompetanseplanen skal leggjast ved søknaden og skal vise tema, mål og organisering av planlagde tiltak. Minst 70 prosent av midlane som kommunen får tildelt, skal brukast til barnehagebasert, dvs. kollektivt utviklingsarbeid i private og kommunale barnehagar. Midlane skal brukast i samsvar med føringane som ligg i revidert kompetansestrategi 2018 - 2022.

Fylkesmannen har ikkje eigne midlar til studietilskot for deltids- og arbeidsplassbasert som tidlegare. Innanfor ramma av tilskotet frå Fylkesmannen kan kommunar difor lokalt prioritere å bruke inntil 30 prosent som tilskot til barnehagar som har tilsette studentar. Tilskottet skal gå til dokumenterte utgifter til reiser, semesteravgift, litteratur eller vikar for studiedagar som studenten elles ikkje har rett til. Kommunen tildeler midlane etter lokal prioritering og søknad frå eigarar.

Bruk søknadskjema som ligg i vedlagte lenke. Utlysinga er også lagt ut på Fylkesmannen si nettside.

[Søknadskjema](#)

Søknadsfrist er **20. mai 2018**.

Vedlegg:

Oversikt over søknadsbeløp 2018

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*